



# Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal 2023 - 2026

Landbruket – på lag med naturen



## Innhold

Innleiring.....	3
Rammer og føringar .....	3
Miljøutfordringar for Møre og Romsdal .....	4
Prioriteringar av tiltak.....	4
Tiltak i miljøprogrammet for 2023-2026 .....	5
Slått av verdifulle jordbrukslandskap .....	5
Drift av bratt areal .....	6
Drift av beitelag.....	6
Slått av slåttemark .....	7
Beiting av kystlynghei .....	7
Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fuglar .....	7
Drift av seter .....	8
Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminne .....	8
Ingen jordarbeidning om hausten .....	9
Grasdekt kantsone i åker.....	9
Vedlikehald av fangdammar .....	9
Nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel.....	9
Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesong .....	10
Bruk av tilførselsslangar .....	10
Klimarådgjeving .....	10

# Innleiing

Regionalt miljøprogram (RMP) for Møre og Romsdal er utarbeidd av Statsforvaltaren i tett samarbeid med det regionale partnerskapet. Representanter frå faglaga har vore med undervegs i arbeidet, og miljøprogrammet skal godkjennast av det regionale partnerskapet. Miljøprogrammet vert utarbeidd for ein 4-årsperiode om gangen, og blir fornya ved utgangen av kvar programperiode.

Første utgåve av RMP kom i 2004. Den vart fornya i 2009, deretter fornya igjen i 2013. Den utgåva skulle eigentleg vare til og med 2016, men vart forlenga til og med 2018 på grunn av ei gjennomgåande revidering av den nasjonale instruksen for dei regionale miljøprogramma. Inneverande miljøprogram gjeld for 2019-2022. Alle fylka følgjer same frekvens for revidering av miljøprogramma. Dette miljøprogrammet skal gjelde i perioden 2023-2026.

Formålet med regionale miljøprogram er å gi ein regionalt tilpassa og målretta innsats for at jordbruksdrifta skal vere meir miljøretta enn det ein får til med generelle, nasjonale ordningar. Tilskot gjennom RMP blir dermed eit supplement til produksjonstilskot.

# Rammer og føringer

## Nasjonalt miljøprogram og instruks for regionale miljøprogram

Det regionale miljøprogrammet bygger på det nasjonale miljøprogrammet og instruksen for dei regionale miljøprogramma. Internasjonale avtaler, nasjonale miljømål og landbrukets klimamål ligg til grunn for måla i Nasjonalt miljøprogram. Desse måla er inndelt i 9 ulike miljøtema; kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminner og kulturmiljøer, tilgjengelighet og friluftsverdiar, jord og jordhelse, avrenning til vatn, plantevern, utslepp til luft, økologisk jordbruk.

Innanfor kvart miljøtema er det ulike tiltak og den instruksen for regionale miljøprogram gir nærmare bestemmelser for korleis desse tiltaka skal innrettast.

Det er lagt til grunn at mål og tiltak i RMP supplerer mål og tiltak i andre ordningar som Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), utvalde kulturlandskap (UKL) og verdsarvmidlar.

## Jordbruksavtalen

Dei beløpsmessige rammene kvart fylke har for det enkelte år blir bestemt i dei årlege jordbruksforhandlingane. I jordbruksavtalen for 2022 vart det bestemt dei fylkesvise rammene for søknadsomgangen 2022, med utbetaling i mars 2023. Tilsvarande vil det vere for alle andre år. I tillegg til at rammene blir framforhandla i jordbruksforhandlingane, kan det komme heilt nye eller heilt spesifikke føringer som fylka må ta inn i sine miljøprogram. Eksempel på heilt nye tiltak seinare år er tilskot til bruk av nedleggings-/nedfellingsutstyr for husdyrgjødsel og tilskot til klimarådgjeving. Eksempel på spesifikke føringer i seinare år er tilskot til bratt areal og tilskot til setring.

Det kan komme endringar i miljøprogrammet som følgje av føringer frå jordbruksavtalen i eitt av åra i programperioden.

# Miljøutfordringar for Møre og Romsdal

## **Bruk av husdyrgjødsel**

Om lag 96 % av jordbruksarealet i fylket er brukt til grovfôrproduksjon. Møre og Romsdal er dermed eit utprega husdyrfylke. Det betyr store volum av husdyrgjødsel, særleg på bruk med mjølkeproduksjon. Husdyrgjødsel er, som det ligg i ordet, nettopp gjødsel som betyr næring for plantene. God bruk av denne ressursen er å spreie den på enga i tidsrom der plantene kan ta opp næringa i gjødsla, alternativt i åker før veksten tek til.

Spreiing av husdyrgjødsel på eit seinare tidspunkt betyr at næring kjem på avveie og medfører forurensing. Bruk av husdyrgjødsel tilhører miljøtemaet 'Utslepp til luft', men miljøverknaden av husdyrgjødsla kan i mange område vere like stor når det gjeld 'Avrenning til vassdrag'. I alle tilfelle vil forurensingsfaren vere størst frå areal som grensar til vassdrag, der gjødsel som ikkje blir tatt opp av plantene kan sige ned i vassdraget og føre til eutrofiering.

## **Attgroing**

Møre og Romsdal har mykje flott kulturlandskap både ute ved kysten og inn mot fjellområda. Fleire av områda våre er internasjonalt kjente reisemål. Det er viktig å ivareta mest mogleg av kulturlandskapa våre. I stor grad er dette jordbruksareal som krev litt ekstra innsats, enten fordi dei er bratte eller fordi dei ligg eit stykke unna driftssenter og dei mest aktive jordbruksområda.

## **Avrenning til vassdrag og sjø**

Erosjon, partikkeltap og utslepp av næringssstoff til sjø og vatn er lokalt ei veldig viktig utfordring. Det meste av åkerproduksjonen i fylket foregår på areal som er i nedslagsfelta for dei største vassdraga våre. Open åker er mykje meir utsett for erosjon enn fleirårig eng og det er ved erosjon partikkeltap er størst. Men avrenning av næringssstoff kan ein også ha frå engareal dersom det er tilført gjødsel som ikkje blir tatt opp av plantene. Det kan skje ved spreiing av husdyrgjødsel utanom vekstsesongen, jf. 'Bruk av husdyrgjødsel' ovanfor, men kan også skje ved spreiing av husdyrgjødsel på areal svært nær vassdrag.

# Prioriteringar av tiltak

Det er lagt vekt på at tiltak skal være over tid og at det ikkje skal vere stadige skiftingar i innretninga med fornya miljøprogram. Det har samanheng med at omlegging eller tilpassing av drift tek tid og kan innebere kostnader. T.d. kan innkjøp av slangespreiingsutstyr i stor grad vere basert på ei forventning om at ordninga med tilskot til bruk av slangespreiingsutstyr kjem til å vedvare. Kontinuitet er derfor viktig, og tiltak blir ikkje tatt bort eller endra vesentleg utan at det er gode grunnar til det.

Det er veldig mange av dei tiltaka som finst på «menyen» i det nasjonale miljøprogrammet som godt kunne vere aktuelle i miljøprogrammet vårt. Vi må likevel vurdere nye tiltak opp mot dei vi har, og

nye tiltak vil nødvendigvis føre til at det blir mindre tilskot til dei tiltaka vi har. Vi kjem uansett til å ha ei viss ramme til årleg disposisjon.

Nokre tiltak er bestemt gjennom jordbruksforhandlingane at alle fylke skal ha, med eller utan føringar på satsane. Desse tiltaka er:

- Drift av bratt areal
- Drift av seter
- Klimarådgjeving

I utgangspunktet skal miljøprogrammet og tiltaka vere meir eller mindre uendra i den 4-årsperioden programmet gjeld for. Det kjem likevel konkrete føringar i jordbruksforhandlingane år om anna som medfører endringar i miljøprogrammet.

I miljøprogrammet for perioden 2023-2026 er det gjort veldig få endringar samanlikna med miljøprogrammet for perioden 2019-2022. Det er lagt opp til at nokre tiltak skal ha ein større del av ramma enn før, og at andre tiltak skal ha ein mindre del.

Tiltak som får auka andel av totalramma (prioritert høgare) er:

- Drift av bratt areal
- Drift av seter
- Ingen jordarbeidning om hausten

Tiltak som får redusert andel av totalramma (prioritert lågare) er:

- Slått av verdifulle jordbrukslandskap
- Grasdekt kantsone i åker

Det er lagt vekt på både effekt av tiltaka og kva nivå på tilskotssatsen som må til for å oppnå auka effekt.

## Tiltak i miljøprogrammet for 2023-2026

### Slått av verdifulle jordbrukslandskap

Formålet med tilskotet er å stimulere til å halde verdifulle jordbruksområde i hevd og hindre attgroing. Tilskotet kan bli gitt til slått av fulldyrka eller overflatedyrka areal som føretaket disponerer og som ligg innanfor definerte soner. Det er eit vilkår at det blir tatt minst ei årleg avling ved slått.

I fylket er det 11 område som har status som «verdifulle jordbrukslandskap». Desse områda er:

1. Sunndal kommune: Grøvvassdraget; alt areal som har avløp til elva Grøvu frå og med Børstølen og oppover.
2. Molde kommune: a) Eikesdalen; alt areal frå og med gardane Vike og Hoem og oppover, b) Areala på Bugge; frå og med Breivika til og med Bleineset, c) Tautra
3. Rauma kommune: Romsdalen; alt areal frå Trollveggen til Oppland grense
4. Fjord kommune: a) Alt areal i nedslagsfeltet til Dyrkornvassdrag og Stordalsvassdraget ovanfor Vad bru, b) alle bygdene på sørsida av Norddalsfjorden frå og med Tafjorden til og med Indreeide
5. Stranda kommune: Heile Geirangerbygda og alle fjordvendte gardar på begge sider av Sunnylvsfjorden frå og med Ljøen til og med Liene, vidare på nordsida av Norddalsfjorden frå og med Ansok til grensa mot Fjord kommune.
6. Ørsta kommune: Norangsfjorden og Norangsdalen.

7. Herøy kommune: Runde, Nerlandsøya og Skorpa.
8. Giske kommune: Området ved Alnes fyr.
9. Hustadvika kommune: Buaværet og alt areal nord for Nasjonal Turistveg fra Bergset og austover samt bygdene Vevang og Årsbogen
10. Averøy kommune: Øyane langs Atlanterhavsvegen samt eksisterande jordbruksareal i områda nordaust for Atlanterhavsvegen, til og med Storesandøy, Hasseløyseter og området rundt Vågavatnet. Deretter går avgrensinga sørover til Rangøyvegen og følgjer denne til krysset med fv 64 (Kårvågvegen). Mot sør vert området avgrensa av fv 64 mellom krysset med Rangøyvegen og krysset med Atlanterhavsvegen, vidare av Tøvikvegen (kommuneveg 6072) så langt vest som til Grovaneset.
11. Smøla kommune: Sørsmøla; alle gardane frå og med gnr. 14 Kuløy til og med gnr. 42 Skarpnes. Tiltaket omfattar ikkje dei nydyrka myrane på Holmsvassmyra, Røkmyra og Jøstølmyra.
12. Ålesund kommune: a) Heile Ulla, unnateke fjellet, b) frå «bruvegen» på Flem og heile nordsida av Flemsøy/Skuløy til og med nordlegaste garden på Nogva.

Førebels sats, pr daa: kr 125

## Drift av bratt areal

Formålet med tilskotet er å stimulere til drift av bratte areal for å halde areala i hevd og ivaretak eit ope kulturlandskap. Tilskot kan gjevast til føretak som driv minimum 5 daa fulldyrka areal, overflatedyrka areal eller innmarksbeite med helling 1:5 eller meir. Det er høgare sats for areal med helling 1:3 enn for areal med helling 1:5. Dette fordi det må pårekna fleire driftsmessige vanskar med å drive dei brattaste areala. Vilkår for tilskotet er at grasareal blir hausta ved slått eller beiting i kombinasjon med gjødsling og beitepussing. Elles kan det dyrkast og haustast korn eller andre vekster. Tilskotet kan også bli gitt til frukthagar i bratt terrell.

Det er 4 ulike tiltaksklassar. Det er vilkår om slått for tiltaksklassane «Fulldyrka og overflatedyrka 1:3» og «Fulldyrka og overflatedyrka 1:5». For tiltaksklassane «Beiting i kombinasjon med beitepussing 1:3» og «Beiting i kombinasjon med beitepussing 1:5» er det vilkår om beiting samt at areala blir gjødsla og skjøtta ved pussing, fjerning av ugras m.v. Dette tiltaket kan omfatte både fulldyrka og overflatedyrka areal samt innmarksbeite. Det er vilkår om eit tilstrekkeleg beitetrykk til at dyra greier å ete det vesentlege av graset som veks.

Førebelse satsar, pr daa:

Fulldyrka og overflatedyrka 1:3	kr 400
Fulldyrka og overflatedyrka 1:5	kr 300
Beiting i kombinasjon med beitepussing 1:3	kr 200
Beiting i kombinasjon med beitepussing 1:5	kr 100

## Drift av beitelag

Formålet med tilskotet er å stimulere til samarbeid om beiting med sikte på god utnytting av beiteressursane i utmarka og effektivt tilsyn med minst mogleg tap av dyr. Samarbeidet kan gjelde tilsyn, sinking og ettersyn og vedlikehald av gjerder og installasjonar. Rapportering av aktivitet rundt beiting gir dessutan verdifull informasjon om næringa og utfordringar knytt til tap og sjukdom.

Vilkår for beitelag er:

- Laga må vere registrert i Enhetsregisteret. Kommunen godkjenner nye beitelag.
- Tilskotet blir utmålt pr dyr sleppt på utmarksbeite.
- Felles beitebruk i minimum 5 veker i sommarhalvåret.
- Beitelag må søke innan eigen frist for organisert beitebruk (p.t. 15. november).

Førebelse satsar, pr dyr

Sau, lam, ammegeit og kje	kr 20
Storfe og hest	kr 25

## Slått av slåttemark

Formålet med tilskotet er å stimulere til slått av utvald naturtype slåttemark. Det kan bli gitt tilskot til areal som er kartlagt og definert som utvald naturtype slåttemark i Naturbase med tiltaksklasse svært viktig, viktig eller lokalt viktig. Tiltaket skal gjennomførast slik at eigenart og artsmangfold blir ivaretatt eller forbetra. Arbeidet skal gjerast i tråd med skjøtselsråd gitt av Statsforvaltaren.

Skjøtselsråda:

1. Arealet må skjøttast som slåttemark
2. Arealet må slåast seint, vanlegvis etter 10. juli
3. Graset må bakke- eller hesjetørkast
4. Høyet må fjernast etter tørk
5. Arealet må slåast med lette reiskap som ljå eller tohjuls slåmaskin
6. Arealet må ikke bearbeidast i form av pløying, såing, gjødsling eller sprøyting
7. Arealet kan i tillegg bli haustbeita med lågt beitetrykk
8. Framande artar bør fjernast

Førebels sats, pr daa: kr 1 000

## Beiting av kystlynghei

Formålet med tilskotet er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av område med kystlynghei gjennom sauehald, der dyra tek opp ein vesentleg del av næringsbehovet frå beite. Kystlyngheia skal vere registrert i Naturbase. Arealet skal ikke vere gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidler. Tilskotet er rekna ut etter tal dyr, med krav om minimum 10 daa kystlynghei pr vaksen sau.

Førebels sats, pr dyr: kr 150

## Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fuglar

Formålet med tilskotet er å ta vare på fuglar som er avhengige av å hekke og beite i tilknytning til jordbruksareal. Tilskotet kan også bli gitt for å tilpasse drifta for å ta vare på fuglane. Tilskot kan gjevest der areal blir satt av for å verne reirplassen til truga fugleartar som hekker på innmark. Desse artane er åkerrikse, vipe, storspove og grashoppesanger. Arealet må kartfestast. Fuglearten, hekkeplassen og storleiken skal vere registrert og godkjent av Miljøvernnavdelinga hos Statsforvaltaren for det aktuelle året. Det skal gjerast avtale med Miljøvernnavdelinga i kvart enkelt tilfelle. Arealet kan ikke haustast før 1. august.

Førebels sats, pr daa:	kr 4 000
Maksimalt tilskot pr føretak:	kr 20 000

## Drift av seter

Formålet med tilskotet er å stimulere til mjølkeproduksjon på historiske eller veletablerte seteranlegg. Seterdrift med beitedyr bidreg til å halde areala opne, er gunstige for biologisk mangfald, og er viktig for formidling av tradisjon og kulturarv.

Formålet vil gjelde både dei sidene av seterkulturen som er knytt til bygningars, til foredling av mjølka og til stell av landskapet ved beiting og slått. Føretak som har kyr eller geiter fordelt på to eller fleire setrar kan berre få eitt setertilskot. Derimot kan føretak som har kyr på ei seter og geit på ei anna, få tilskot for to setrar.

Tilskot kan gjevest til føretak som har heile eller deler av mjølkeproduksjonen på seter i minst 4 veker i sommarhalvåret. Dyra skal mjølkast på setra. Minimum produksjon er 45 liter kumjølk eller 25 liter geitemjølk dagleg. For tiltaket 'foredling på setra' må det kunne leggast fram dokumentasjon på sal av foredra produkt.

Tilskotet vert utmålt pr seter uavhengig av om det er enkelt- eller fellesseter. Tilskotet blir fordelt mellom føretaka som er med i fellessetra. Det er éin sats for setring 4-6 veker, og éin sats for setring i 6 veker eller meir.

Førebelse satsar, pr seter:

Levering til meieri, 4 veker:	kr 50 000
Levering til meieri, 6 veker:	kr 70 000
Foredling på setra, 4 veker:	kr 70 000
Foredling på setra, 6 veker:	kr 90 000

## Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminne

Formålet med tilskotet er å synleggjere automatisk freda kulturminne som ein viktig ressurs for identitet, kunnskap og oppleveling. Tiltaket vert avgrensa til gravminne, og tilskotet kan gjevest til gravminne som er synlege på overflata, som ligg på eller grensar til jordbruksareal og som ikkje er sterkt skada eller øydelagde.

Eit vilkår for tilskotet er at gravminnet blir halde synleg og framstår som stelt. Aktuelle skjøtselstiltak er manuell slått eller beiting. Det må påreknaast tiltak utover beiting for at gravminnet skal framstå som synleg og stelt. Det skal ikkje brukast maskiner som kan skade kulturminnet.

Det er òg eit vilkår at gravminna er registrert i minst eitt av følgjande offentlege register:

- Riksantikvaren sin database «Askeladden»
- Økonomisk kartverk
- Møre og Romsdal fylkeskommune sitt arkeologiske arkiv

Det kan bli gitt tilskot for inntil 20 gravminne pr føretak.

Førebels sats, pr kulturminne:	kr 1 000
--------------------------------	----------

## Ingen jordarbeiding om hausten

Formålet med tilskotet er å stimulere til at åkerareal ikkje blir pløygd eller harva på hausten, slik at erosjon og avrenning blir redusert. Tiltaket er også bra for jordhelsa då forholda for jordlevande organismar forbetrast ved at jorda får vere i fred etter haustinga. Tilskot kan gjevast til areal der det blir dyrka korn. I utgangspunktet er det eit vilkår at arealet er klassifisert med erosjonsrisikoklasse i erosjonsrisikokart, men dette er ikkje på plass i alle område i landet enno. Tiltaket er derfor avgrensa til areal som ligg i nedslagsfelta til ei av elvane Surna, Driva eller Rauma. Det er eit vilkår at jordarbeiding ikkje skjer tidlegare enn 1. mars i året etter søknadsåret. Halm på desse areala skal ikkje brennast.

Førebels sats, pr daa: kr 250

## Grasdekt kantsone i åker

Formålet med tilskotet er å stimulere til at det blir etablert grasdekte soner langs kanten mot vassdrag, slik at erosjon og avrenning blir redusert.

Tilskotet gjeld for areal der det blir dyrka korn, poteter eller grønsaker. Tiltaket gjeld berre for areal som ligg i nedslagsfelta til ei av elvane Surna, Driva eller Rauma samt i heile Smøla kommune. Tiltaket er vidare avgrensa til areal som har helling slik at det er auka risiko for at avrenning frå åkeren når ut i vassdraget. Kantsona må ligge umiddelbart ned mot vassdrag.

Sona det kan bli gitt tilskot for skal ha ei breidde på minimum 8 meter rekna frå vassdraget ved normalvasstand, der minst 6 meter ligg på fulldyrka areal. Vekstane må vere fleirårige og skal vere godt etablert om hausten i søknadsåret.

Sonene skal ikkje gjødslast eller sprøytaast og skal haustast, beitast eller beitepussast kvart år. Ved fornying av plantedekket skal jordarbeiding og sång skje mellom 1. mars og 1. juli. Etablering av slik kantsone skal ikkje føre til at naturlege kantsoner blir øydelagt eller forringa.

Førebels sats, pr meter: kr 120

## Vedlikehald av fangdammar

Formålet med tilskotet er å stimulere til vedlikehald av fangdammar og vegetasjonen rundt, slik at fangdammen fungerer effektivt. Ein fangdam er definert som ein «konstruksjon» bygd for å redusere avrenning av jord og næringsstoff og dermed redusere forurensing av vatn og vassdrag. Den består av fleire sedimentasjonskammer der vatnet skal stanse og eventuelt sediment får tid til å bunnfalle.

For å ha rett på tilskot må sedimentasjonskammera tömmast ofte nok at fangdammen fungerer tilfredsstillande, noko som betyr lenge før dei blir fulle av sediment. Arealet rundt fangdammen som det blir gitt tilskot for inkluderer vannspeilet samt kantvegetasjon og vegetasjonsfilter.

Førebels sats, pr daa fangdam: kr 5 000

## Nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel

Formålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel blir lagt rett ned på jorda og ikkje med tradisjonell breispreiing opp i lufta først. Nedlegging motverkar tap av NH<sub>3</sub> til lufta og er også gunstig med omsyn til vassmiljø.

Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og faktisk spreidd mengde pr daa. Ein kan ikkje få tilskot til både dette tiltaket og tidlegspreiling på same areal. Ein kan derimot kombinere desse tiltaka på forskjellige areal. Det er vilkår om at all spreiling på det omsøkte arealet skal vere med nedlegging/nedfelling

Førebels sats, pr daa: kr 55

## Spreiling av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesong

Formålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel blir spreidd på mest mulig gunstig tidspunkt, med tanke på best mulig optak av næringsstoff i plantene og dermed redusert forureining av vatn og utslepp til luft.

All husdyrgjødsel som føretaket disponerer skal spreast om våren eller i vekstsesongen, seinast 10. august. Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og faktisk spreidd mengde pr daa. Det skal takast ei avling med slått eller beiting etter siste spreiling. Søkjar må disponere arealet i vekstsesongen, jf. forskrift om produksjonstilskot. Spreiling etter førsteslått med påfølgjande nedmolding og gjensåing vil vere greitt sjølv om det ikkje blir hausta avling av gjenlegget, så lenge det er etablert grasdekke når hausten tek til.

Ein kan ikkje få tilskot til både dette tiltaket og nedlegging/nedfelling på same areal. Ein kan derimot kombinere desse tiltaka på forskjellige areal.

Førebels sats, pr daa: kr 45

## Bruk av tilførselsslanger

Formålet med tilskotet er å stimulere til bruk av tilførselsslanger for spreiling av husdyrgjødsel. Tiltaket skal bidra til å redusere jordpakkinga, og til å ha stor kapasitet på gjødselspreiling i dei periodane det er agronomisk gunstig.

Tiltaket er eit tillegg til enten «nedlegging/nedfelling av husdyrgjødsel» eller «spreiling av husdyrgjødsel i vår/vekstsesong» og må dermed kombinerast med eitt av desse to tiltaka. Føretaket må kunne dokumentere bruk av tilførselsslange.

Førebels sats, pr daa: kr 65

## Klimarådgjeving

Formålet med tilskotet er ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar på garden med sikte på kunnskapsoppbygging hos bonden og å gjennomføre klimatiltak. Den som står for rådgjevinga må vere godkjent som klimarådgjevar av Landbruksdirektoratet. Tiltaksplan må vere i tråd med dei krava som Landbruksdirektoratet stiller for tiltaksplaner.

Vilkår for tilskotet er at det er utarbeidd ein tiltaksplan som er lagt ved søknaden. Det blir ikkje stilt som vilkår at tiltak er/blir gjennomført, sjølv om det naturlegvis er det ein har ønskje om.

Tiltaksklassen to-til-ein rådgjeving blir nytta der det er fleire typer produksjonar, t.d. grovförproduksjon og husdyrproduksjon og fleire rådgjevarar deltek i klimarådgjevinga. Ein-til-ein rådgjeving blir nytta når det er ein enkelt produksjon, t.d. korn eller grønsaker. Tiltaksklassen kan òg nyttast der det er fleire produksjonar, men kor tiltaksplanen ikkje omfatter alle produksjonane.

Dersom det blir søkt om tilskot for klimarådgjeving fleire gonger, er det eit vilkår at det blir utarbeidd ny tiltaksplan som gjer greie for gjennomførte tiltak frå forrige tiltaksplan. Det kan berre gis tilskot for éin gjennomført rådgjeving pr søknadsomgang.

Førebelse satsar, pr rådgjeving/søknad:

Grupperådgjeving:	kr 2 000
To-til-ein rådgjeving:	kr 8 000
Ein-til-ein rådgjeving:	kr 6 000